



Torsdag kjem KV (Kvinnherad Vekstbedrift) til å stå i fokus både under og etter kommunestyremøtet og ei av sakene er i alle fall svært positiv og viktig: Framlegget om at kommunen skal søkje NAV om 9 varige verna arbeidsplassar.

Idag er det avtale mellom KV og NAV i fylket vårt om 30 slike plassar. Men ettersom det har vore stor rift om dei, er det ikkje truleg at alle 9 vert innvilga sjølv om dei lokale politikarane har gått samrøystes inn for det. Det har både formannskapet og komite for helse, miljø og omsorg gjort etter innstilling av rådmannen

Eventuell utviding av lokala kjem så eventuelt opp som eigen sak.

Det er behov for litt større plass.

Dei såkalla VTA-plassane er eit tilbod om sysselsetjing som er retta mot personar som har små utsikter til å få jobbar innanfor ordinært arbeidsliv.

Kommunen deltek i finansieringa saman med Staten og hadde ifjor ein andel på 1 295 688 kroner, som utgjør 43 189 kroner pr. arbeidsplass pr. år.

No er det 9 unge som går på skule og som dei neste 5 åra kjem til å søkja på VTA-plassar - dei 3 fyrste allereie til hausten. KV har 6 til på venteliste.

Kommunen kan og kjøpa direkte plassar som kostar knapt 200 000 kroner i året for kvar brukar.

KV reknar 1 arbeidsleiar på 5 arbeidstakarar.
Nokre treng litt fleire enn 1 på 5.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen